



Kartverket

MELAND KOMMUNE
Postboks 79

5906 FREKHAUG
Norge

Dykkar ref.:	Vår ref.	13487958	Dato:
	Sak/dok.:	18/46148-1	10.09.2018
	Ark.:	346	

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 24 bnr. 58,79 og 84 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har vurdert meldingane om arealoverføring med tilhøyrande erklæringar sat erklæring om unntak frå konsesjon de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

I følgje Brønnøysundregisteret er det heile styret som signerar for Kvernbit Idrettslag. Vi ber derfor om at heile styret signerer i punkt 6 på erklæringa eller at det blir vedlagt ei fullmakt som gir Gina Blomberg rett til å signere aleine.

Bruker de fullmakt, er hovudregelen at ho skal leggjast fram i original. Legg de likevel fram ein kopi, krev vi at ein advokat/advokatfullmektig eller ein eigedomsmeklar/eigedomsmeklarfullmektig stadfestar at det er ein rett kopi, og samtidig erklærer at fullmakta gjaldt då dokumentet som skal tinglysast vart signert. Kravet følgjer av tinglysningsforskriften § 7 andre ledd. Erklæringa må være datert. Om tilbakekalling av fullmakter viser vi til avtaleloven § 16.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysningslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Venleg helsing

Hedvig Fredriksen
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.